



Saksgang	Møtedato	Saksnr.
Kultur- og oppvekstutvalet	15.11.2005	058/05
Sakshandsamar: Runa Nybakk	Arkiv: K2-A10 Objekt:	Arkivsaknr 04/33

MERKNADAR TIL HØYRINGSUTKAST - FRAMLEGG TIL FORSKRIFTER TIL NY BARNEHAGELOV

Kva saka gjeld:

Som oppfølging av Stortinget si handsaming av Ot.prp 72 (2004-2005) Om lov om barnehager, har departementet gått gjennom eksisterande forskrifter med tanke på kvalitet, brukarvennligheit og forenkling.

8 framlegg til forskrifter er nå sendt ut på høyring.

Høyringsfrist er sett til 211105.

Flora kommune har slikt

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Framlegg til forskrift om norm for pedagogisk bemanning

§1 Norm for pedagogisk bemanning

Kommentar:

Gjeldande pedagognorm med 14-18 barn over 3 år per pedagog, og 7-9 barn under 3 år per pedagog vert vidareført i nye forskrifter. Vi ser positivt på slik vidareføring som er med på å oppretthalde kvaliteten i barnehagetilbodet.

§2 Styrers tid til administrasjon og ledelse

Kommentar:

Vi ser det som positivt at barnehagelova §17 er tydeleggjort i forhold til at barnehagen skal ha ei forsvarleg pedagogisk og administrativ leining og at barnehagen skal ha ein dagleg

leiar. Dette vert stadfesta ved at styrar si tid til administrasjon og leiing, kjem i tillegg til norm for pedagogisk bemanning.

§3 Midlertidig dispensasjon

(sjå kommentar til Forskrift om midlertidige og varige dispensasjoner og unntak fra utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder)

2. Framlegg til forskrift om midlertidige og varige dispensasjoner og unntak fra utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder

Vi har følgjande kommentar:

Ny lov om barnehage og revidert rammeplan har fokus på nyare kunnskap om barndommen sin betydning som grunnlag for livslang læring, barn sine rettar etter FN sin barnekonvensjon og forventingar frå foreldregruppa. Dette tilseier at det må stillast store krav til barnehagepersonalet sin kompetanse. Barnehagelova stadfestar dette ved å stille krav om førskulelærerutdanning eller annen treårig pedagogisk utdanning på høgskulenivå og vidareutdanning i barnehagepedagogikk for pedagogisk leiar. Krav om utdanning vert altså ei kvalitetssikring i forhold til at personalet har naudsynt kompetanse til å drive barnehagen til beste for barn og foreldre, i tråd med føringane i rammeplanen.

Vi ser det som riktig at ein har høve til, i einskilde situasjonar, å søkje om dispensasjon frå utdanningskravet. Det kan t.d. vere vanskeleg å skaffe utdanna vikarar i kortare eller lengre periodar.

Ein ber om særskilt tilbakemelding på om ein skal vidareføre reglar for dispensasjon for personar under førskulelærerutdanning. Vi meiner at slike reglar må vidareførast.

Vidare er vi ueinige i at det skal opnast for å gje varig dispensasjon frå utdanningskravet. Kjem ein i ein situasjon der utlyste stillingar 3. året ikkje gjev kvalifiserte søkjarar, bør det vurderast andre tiltak. Til dømes å leggje til rette for at aktuelle tilsette/personar får høve til å tileigne seg formell kompetanse. Slik kan ein ta kravet om fagleg kompetanse og kvalitetssikring på alvor.

Nytt framlegg til:

2. Forskrift om midlertidig dispensasjon fra utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder

§1 Som departementet sitt framlegg

§2 Person under førskulelærerutdanning

”Kommunen kan gje mellombels dispensasjon frå utdanningskravet når den personen det vert søkt dispensasjon for deltek i desentralisert eller deltids førskulelærerutdanning. Dispensasjon kan gjevast inntil utdanninga er avslutta. Søknad må framsettast av barnehage-eigar”

§3 Rekruttering

”Når ein person har hatt mellombels dispensasjon etter §1 i 3 år, og det framleis ikkje melder seg kvalifiserte søkjarar ved utlysing, bør det som del av samla rekrutteringspolitikk leggast til rette for at tilsette får tileigne seg formell kompetanse. Slik regel må gjelde både for styrar og pedagogisk leiar”.

§4 Som departementet sitt framlegg §3

§5 Som departementet sitt framlegg §4, men ein må ta bort ”varig dispensasjon”

3. Framlegg til forskrift om saksbehandlingsreglar for opptak i barnehage

Kommentar:

Vi er einige i at det er viktig å sikre at opptak i barnehage skjer på ein måte som tek i vare søkjaren si rettstryggleik, og gjev ei forsvarleg og effektiv sakshandsaming.

I dag kan søkjarar klage på at dei ikkje får tildelt barnehageplass, med utgangspunkt i gjeldande opptakskriterie. Ei slik rett må vidareførast. Vi er ueinige i at ein nå skal opne opp for at søkjarar får klagerett dersom dei ikkje får førsteønsket sitt oppfylt. Når foreldre har høve til å komme med fleire ønskje om plass, vil vi tru at dei også er førebudde på at eit førsteønskje ikkje alltid kan innfriast.

Vi går inn i ei tid der målet om full behovsdekking av barnehageplassar snart er innfridd. Samordna opptaksprosess i kommunen skal sikre ein heilskap i forhold til tilrettelegging av, og tildeling av plassar ut frå ei søkjarmasse. I mange kommunar finnast det fleire barnehagar innanfor same opptaksområde. Ein må unngå å opne for at foreldre nå får klagerett dersom førsteønske ikkje vert oppfylt. Dette kan dette resulterer i at barn står på venteliste medan barnehagar som utgjer 2.- eller 3. ønske til søkjar har ledig kapasitet. Ein utvida klagerett tek ikkje ordninga med samordna opptak på alvor. Vi ser og føre oss at dette vil føre til frustrasjon i foreldregruppa og kan resultere i unødvendig sakshandsamingstid.

Vi har slikt endringsframlegg til §6 Klagerett:

”Ved hovudopptak kan søkjar klage over avslag på søknad om barnehageplass etter gjeldande kriterie for opptak. Søkjar kan også klage dersom søkjar ikkje får tildelt barnehageplass etter ønskje innanfor gjeldande opptaksområde.

Ved supplerande opptak kan bare søkjarar i opptaksområdet med lovfesta rett til prioritet etter barnehagelova §13 klage, dersom dei ikkje får tilbod om plass”.

4. Framlegg til forskrift om familiebarnehager

Forskrifta vert vidareført om lag slik den er i dag. Vi har ingen særskilt kommentar.

5. Framlegg til forskrift om foreldrebetaling i barnehager

Vi har ingen særskilt kommentar.

6. Framlegg til forskrift om politiattest

Forskrifta vert vidareført slik den er i dag. Vi har ingen særskilt kommentar.

7. Framlegg til forskrift om føring av register til bruk i forbindelse med kontroll av berekning og utbetaling av kontantstøtte.

Kommentar:

Detaljerte reglar som i dag står i barnehagelova, vert nå overført til forskrifta. I tillegg vert ordlyden endra frå "barnehagar som mottok statleg tilskot" til "barnehager som mottok offentleg støtte til drift". Dette for å tilpasse forskrifta til framtidig ordning med innlemming av øremerka statstilskot til drift av barnehagar til kommunen sitt rammetilskot. Vi ser positivt på dette.

8. Framlegg til forskrift om overgangsregler

Vi har ingen særskilt kommentar

15.11.2005 KULTUR- OG OPPVEKSTUTVALET

Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KUOP-058/05 VEDTAK:

1. Framlegg til forskrift om norm for pedagogisk bemanning

§1 Norm for pedagogisk bemanning

Kommentar:

Gjeldande pedagognorm med 14-18 barn over 3 år per pedagog, og 7-9 barn under 3 år per pedagog vert vidareført i nye forskrifter. Vi ser positivt på slik vidareføring som er med på å oppretthalde kvaliteten i barnehagetilbodet.

§2 Styrers tid til administrasjon og ledelse

Kommentar:

Vi ser det som positivt at barnehagelova §17 er tydeleggjort i forhold til at barnehagen skal ha ei forsvarleg pedagogisk og administrativ leing og at barnehagen skal ha ein dagleg leiar. Dette vert stadfesta ved at styrar si tid til administrasjon og leing, kjem i tillegg til norm for pedagogisk bemanning.

§3 Midlertidig dispensasjon

(sjå kommentar til Forskrift om midlertidige og varige dispensasjoner og unntak fra utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder)

2. Framlegg til forskrift om midlertidige og varige dispensasjoner og unntak fra utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder

Vi har følgjande kommentar:

Ny lov om barnehage og revidert rammeplan har fokus på nyare kunnskap om barndommen sin betydning som grunnlag for livslang læring, barn sine rettar etter FN sin barnekonvensjon og forventingar frå foreldregruppa. Dette tilseier at det må stillast store krav til barnehagepersonalet sin kompetanse. Barnehagelova stadfestar dette ved å stille krav om førskulelæruddanning eller annen treårig pedagogisk utdanning på høgskulenivå og vidareutdanning i barnehagepedagogikk for pedagogisk leiar. Krav om utdanning vert altså ei kvalitetssikring i forhold til at personalet har naudsynt kompetanse til å drive barnehagen til beste for barn og foreldre, i tråd med føringane i rammeplanen.

Vi ser det som riktig at ein har høve til, i einskilde situasjonar, å søkje om dispensasjon frå utdanningskravet. Det kan t.d. vere vanskeleg å skaffe utdanna vikarar i kortare eller lengre periodar.

Ein ber om særskilt tilbakemelding på om ein skal vidareføre reglar for dispensasjon for personar under førskulelæruddanning. Vi meiner at slike reglar må vidareførast.

Vidare er vi ueinige i at det skal opnast for å gje varig dispensasjon frå utdanningskravet. Kjem ein i ein situasjon der utlyste stillingar 3. året ikkje gjev kvalifiserte søkjarar, bør det vurderast andre tiltak. Til dømes å leggje til rette for at aktuelle tilsette/personar får høve til å tileigne seg formell kompetanse. Slik kan ein ta kravet om fagleg kompetanse og kvalitetssikring på alvor.

Nytt framlegg til:

2. Forskrift om midlertidig dispensasjon fra utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder

§1 Som departementet sitt framlegg

§2 Person under førskulelæruddanning

"Kommunen kan gje mellombels dispensasjon frå utdanningskravet når den personen det vert søkt dispensasjon for deltek i desentralisert eller deltids førskulelæruddanning. Dispensasjon kan gjevast inntil utdanninga er avslutta. Søknad må framsettast av barnehage-eigar"

§3 Rekruttering

"Når ein person har hatt mellombels dispensasjon etter §1 i 3 år, og det framleis ikkje melder seg kvalifiserte søkjarar ved utlysing, bør det som del av samla rekrutteringspolitikk leggjast til rette for at tilsette får tileigne seg formell kompetanse. Slik regel må gjelde både for styrar og pedagogisk leiar".

§4 Som departementet sitt framlegg §3

§5 Som departementet sitt framlegg §4, men ein må ta bort "varig dispensasjon"

3. Framlegg til forskrift om saksbehandlingsreglar for opptak i barnehage

Kommentar:

Vi er einige i at det er viktig å sikre at opptak i barnehage skjer på ein måte som tek i vare søkjaren si rettstryggleik, og gjev ei forsvarleg og effektiv sakshandsaming.

I dag kan søkjarar klage på at dei ikkje får tildelt barnehageplass, med utgangspunkt i gjeldande opptakskriterie. Ei slik rett må vidareførast. Vi er ueinige i at ein nå skal opne opp for at søkjarar får klagerett dersom dei ikkje får førsteønsket sitt oppfylt. Når foreldre har høve til å komme med fleire ønskje om plass, vil vi tru at dei også er førebudde på at eit førsteønskje ikkje alltid kan innfriast.

Vi går inn i ei tid der målet om full behovsdekking av barnehageplassar snart er innfridd. Samordna opptaksprosess i kommunen skal sikre ein heilskap i forhold til tilrettelegging av, og tildeling av plassar ut frå ei søkjarmasse. I mange kommunar finnast det fleire barnehagar innanfor same opptaksområde. Ein må unngå å opne for at foreldre nå får klagerett dersom førsteønske ikkje vert oppfylt. Dette kan dette resulterer i at barn står på venteliste medan barnehagar som utgjer 2.- eller 3. ønske til søkjar har ledig kapasitet. Ein utvida klagerett tek ikkje ordninga med samordna opptak på alvor. Vi ser og føre oss at dette vil føre til frustrasjon i foreldregruppa og kan resultere i unødvendig sakshandsamingstid.

Vi har slikt endringsframlegg til §6 Klagerett:

”Ved hovudopptak kan søkjar klage over avslag på søknad om barnehageplass etter gjeldande kriterie for opptak. Søkjar kan også klage dersom søkjar ikkje får tildelt barnehageplass etter ønskje innanfor gjeldande opptaksområde.

Ved supplerande opptak kan bare søkjarar i opptaksområdet med lovfesta rett til prioritet etter barnehagelova §13 klage, dersom dei ikkje får tilbod om plass”.

4. Framlegg til forskrift om familiebarnehager

Forskrifta vert vidareført om lag slik den er i dag. Vi har ingen særskilt kommentar.

5. Framlegg til forskrift om foreldrebetaling i barnehager

Vi har ingen særskilt kommentar.

6. Framlegg til forskrift om politiattest

Forskrifta vert vidareført slik den er i dag. Vi har ingen særskilt kommentar.

7. Framlegg til forskrift om føring av register til bruk i forbindeke med kontroll av berekning og utbetaling av kontantstøtte.

Kommentar:

Detaljerte reglar som i dag står i barnehagelova, vert nå overført til forskrifta. I tillegg vert ordlyden endra frå ”barnehagar som mottek statleg tilskot” til ”barnehager som mottek offentleg støtte til drift”. Dette for å tilpasse forskrifta til framtidig ordning med

innlemming av øremerka statstilskot til drift av barnehagar til kommunen sitt rammetilskot.
Vi ser positivt på dette.

8. Framlegg til forskrift om overgangsregler

Vi har ingen særskilt kommentar

Fredrik W. Gulbranson
Rådmann

Øyvind Bang-Olsen
Plansjef

Innleiing:

Som oppfølging av Stortinget si handsaming av Ot.prp 72 (2004-2005) Om lov om barnehager, har departementet gått gjennom eksisterande forskrifter med tanke på kvalitet, brukarvennlichkeit og forenkling.

Følgjande 8 forskrifter er nå sendt ut på høyring, med høyringsfrist 211105;

- Framlegg til forskrift om norm for pedagogisk bemanning
- Framlegg til forskrift om mellombels og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrar og pedagogisk leiar
- Framlegg til forskrift om sakshandsamingsreglar for opptak i barnehage
- Framlegg til forskrift om familiebarnehage
- Framlegg til forskrift om foreldrebetaling i barnehage
- Framlegg til forskrift om politiattest
- Framlegg til forskrift om føring av register til bruk i samband med kontroll av berekning og utbetaling av kontantstønad
- Framlegg til forskrift om overgangsreglar

Det vert også varsla om utarbeiding av forskrift om godkjenning av utanlandske utdanningar.

I tillegg vert det utarbeidd forskrift om innhenting av opplysningar om rekneskapsdata og tenestedata. Dette vert først aktuelt når øyremerka barnehagetilskot frå staten vert overført til kommunane sitt rammetilskot.

Høyringsfristen er sett til 211105.

Forskriftene skal gjelde frå 010106, likt med ny barnehagelov.

Vurdering:

Ved gjennomgang av framlegg til forskrifter, har vi hatt departementet sitt utgangspunkt om kvalitet, brukarvennlichkeit og forenkling i fokus.

Flora kommune sine kommentarar og endringsframlegg til departementet sitt framlegg til forskrifter, ligg som framlegg til vedtak i saka.

Prenta/uprenta vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
9	I	29.09.2005	Det Kongelige Barne- og familiedepartement	Høring - forslag til forskrifter til ny barnehagelov	